

**Fra:** wordpress@alverkommune.no på vegne av Alver kommune  
<bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no>  
**Sendt:** torsdag 13. juni 2019 17:31  
**Til:** Bente Kopperdal Hervik  
**Emne:** Søknad om kulturmidlar

Søknad om tilskot til kulturarrangement i Alver

Søkjar

**Namn på laget:** Jazzgard  
**Namn på kontaktperson:** Jan Tore Skråmestø  
**Telefonnummer:** 90171505  
**E-post:** [jtsjts@online.no](mailto:jtsjts@online.no)

Om tiltaket

"Jazzgard 2019 - Natalie Sandtorv

Det var ikkje gått mange veker av semesteret før det byrja å gå rykte om eit heilt spesielt vokaltalent på Griegakademiet i Bergen. Etter kvart som ho dukka opp i fleire og fleire band har det synt seg at alt var sant...

**Skildring av tiltaket/arrangementet:**

Dei siste åra har Natalie turnert kontinuerleg, har mellom anna samarbeidd med Nils Petter Molvær, og er no plukka opp av av sjølvaste Jazzland Recordings der plata kjem i 2020. Enn så lenge har ho tatt eit lite steg vekk frå jazzen og leverer knallsterke indiepoplåtar - førestill deg Björk og Robyn saman på diskotek i LA. Til Jazzgard kjem Natalie Sandtorv som duo – ein unik sjanse til å høyre musikken hennar i eit intimt format."

Årleg konsertserie i eigen hage sidan 2012. Tanken er å tilby kvalitetsmusikk i ei intim og uformell ramme som alle har råd til å høyre. Tidlegare har mellom anna Marte Ebersen (Highsakite), Ingerlise Størksen (Ephemera), Jørgen Sandvik (Real Ones) og Mari Kvien Brunvoll opptrådd.

**Korleis kan arrangementet bidra til å skape interesse for og tilhøyrgheit til den nye kommunen?:**

Ale i Alver kommune er velkomne. Opent arrangement for alle utan billettsal - kun frivillig og anonym donasjon frå gjestane - slik at alle skal kunna ta seg råd til å koma. Tidlegare år har eg sytt før at spesielt flyktningar på Radøy er blitt inviterte, i år vil eg gjera det same overfor heile Alver. Grilling etter konsert.

**Kvar skal arrangementet/-a vere?:** Askeland, Radøy (Ved Askelandsvegen 107)

**Dato eller tidsrom for arrangement:** 17.08.19 - frå kl 18:00

**Samarbeidspartnarar:** .

**Kor mykje vil arrangementet kosta?:** Gratis (frivillig donasjon i mjølkespannet)

**Søknadssum (maks 10 000):** 7000 (Eg tar all økonomisk risiko frå eige lomme, eit bidrag frå kommunen vil hjelpa å kunna betala muskarane eit anstendig honorar)

Kontonr. for eventuell utbetaling

**Kontonr.:** 9365 15 95590

**Organisasjonsnummer (ikkje obligatorisk):**

This email was built and sent using [Visual Form Builder](#).